
Saksnr: 2020/79377-17
Saksbehandlar: Andreas Ask
Dato: 08.11.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesdirektøren

Fordeling av tilskot til Frisklivs-, lærings-, og meistringstilbod 2021

Vestland fylkeskommune har fordelt kr. 1 875 000,- til kommunar gjennom tilskotsordninga «Tilskudd til etablering og utvikling av kommunale Friskliv-, læring- og meistringstilbud 2021».

Bakgrunn

Helsedirektoratet har innvilga Vestland fylkeskommune tilskot til ordninga «Tilskudd til etablering og utvikling av kommunale Friskliv-, læring- og meistringstilbud» over statsbudsjettet 2021 kap. 762, post 60. Midlane skal gå til å støtte kommunane i arbeidet med å fremje helse og livskvalitet, førebyggje sjukdom, tidleg intervensjon, og til at fleire lærer å meistre livet med sjukdom og helseplager.

Fylkeskommunen fekk tildelt kr. 1 875 000,- i brev datert 02.02.2021 (sjå vedlegg). Vi har forvaltningsansvaret for midlane. Tilskota vert utbetalt som ein eingongssum til kommunane.

Frisklivssentralen i Bergen har elles status som utviklingssentral, og har eit ekstra ansvar for å gje fagleg støtte til dei andre frisklivssentralane i fylket. Saman med dei har Statsforvaltaren og fylkeskommunen utvikla ei webinarrekke med fagleg påfyll og erfaringsutveksling for tilsette i kommunar som arbeider med frisklivsarbeid.

Sakshandsaming

Fylkeskommunen lyste ut midlane 4. mars 2021, og fekk innan søknadsfristen 26. mars inn 16 søknadar med ei total søknadssum på kr. 6 761 530,-. Åtte av desse søknadane vart prioriterte og fekk tilskot. Fleirtalet av kommunane som fekk innvilga støtte fekk ei redusert tildeling. Kommunane har tilpassa aktiviteten ut frå dette. I prioritering av søknadar har fylkeskommunen gitt tilsegn til søknadar som omfatta:

- Etablering av frisklivssentral i kommunen
- Interkommunalt samarbeid og kompetanseheving om frisklivstilbod
- Samarbeid med frivilligsentral
- Arbeid for desentraliserte og nye tilbod

Vurdering av søknadar og fordeling av midlar er vist i tabell under.

Søklar-kommune	Søknads-sum 2021	Vurdering av søknad	Løyvd beløp 2021
Øygarden, saman med Alver, Bjørnafjorden og Askøy	325 000	Støtte til søknaden «Felles kompetanseheving for fire frisklivssentralar». Øygarden søkte saman med Alver, Askøy og Bjørnafjorden kommune om gjennomføring av felles kompetansehevingspakke i kognitiv terapi for 20 tilsette på sentralane i dei fire kommunane. Kurset er i samarbeid med Norsk foreining for kognitiv terapi. Gjennomføring av prosjektet vil bidra til: 1. Felles kompetanseløft for fire frisklivs- og meistringssentralar. 2. Meir kvalitet og likskap i tilbodet kognitiv terapi på tvers av kommunegrensar. 3. Styrking av den einskilde tilsette i møte med personar med komplekse helseutfordringar. 4. Utvikling av metode for å organisere	255 000

		regionale kompetanseløft og arenaar for erfaringsutveksling. 5. Styrking av tenestene på tvers av sektorar i eigen kommune. Prosjektet vil bidra til vidare utvikling av sentral og frisklivstilbod i kommunane. Støtte til arbeidet vil også bidra til eit prosjekt for interkommunalt samarbeid mellom fleire frisklivssentralar, og kompetanseheving knytt til eit viktig tema, både for tilsette og brukarar.	
Bergen	600 000	Støtte til søknaden «Friskliv, folkehelse og frivillighet». Bergen søkte om støtte til å utvide samarbeidet med frivilligsentralane og andre samarbeidspartar i alle bydelane. Samarbeidstiltaket vil sikre eit desentralisert og lokalt frisklivstilbod i heile kommunen. I tillegg til vidare etablering av desentralisering av tilbodet «Finn formen med Friskliv i alle bydelar», vil frisklivssentralen også vidareutvikle samarbeidet med folkehelserådgjevar og folkehelsenettverket i kommunen. Støtte til etablering og vidare utvikling av desentraliserte tilbod i kommunen, samt utvikling av rolla som folkehelseaktør vil kunne ha stor overføringsverdi også til andre kommunar i Vestland.	350 000
Stad	400 000	Støtte til søknaden «Kompetanseheving knytt til kosthald og atferdsendring, samt vidareføring av prosjekt starta opp i 2021». Stad søkte om vidare utvikling av desentraliserte tilbod og etablering av nye tilbod. Kommunen vil vidareutvikle og etablere samarbeid om tenester med frivilligheita, for å kunne støtte opp om allereie eksisterande tilbod, og for å sikre desentraliserte tilbod. Etablering av nye tilbod knytt til dømes kosthald og atferdsendring bygger på kommunen sin folkehelseprofil og er vurdert opp mot kva som allereie finst av eksisterande tilbod i kommunen. Støtte vil bidra til gjennomføring av nyleg etablerte tilbod, kompetanseheving og planlegging for etablering av nye tilbod og vidare utvikling av desentraliserte frisklivstenester i tråd med kommunen sine folkehelseutfordringar.	131 970
Alver	375 000	Støtte til søknaden «Vidareutvikling av kommunalt frisklivs- lærings- og meistringstilbod i Alver». Alver søkte om støtte til etablering og vidare utvikling av fleire lærings- og meistringstilbod i kommunen. Innsats skal forankrast til det nye helsehuset i regionen, og sikre eit tenestetilbod som imøtekjem kommunen sine folkehelseutfordringar. Kommunen har mål om å etablere tilbod som når ut til fleire, både gjennom etablering av fleire tilbod som treff innbyggjarane sine ulike helseutfordringar, og ved å utvikle digitale læringsarenaer. Kommunen ønskjer også å byggje vidare på det interkommunale samarbeidet knytt til prosjektarbeidet. Val av tilbod vil vere kunnskapsbasert og brukarmedverknad skal vektleggjast. Tilboda skal nå ut til ulike målgrupper i tråd med mål for ordninga.	100 000
Samnanger	1 464 500	Støtte til søknaden «Etablering av Samnanger Frisklivssentral». Samnanger søkte om støtte til oppretting av frisklivssentral i kommunen. Oppretting av frisklivssentral vil styrke det tverrfaglege samarbeidet i kommunen, å bidra til å gje eit heilskapleg tilbod. Etablering av nye tilbod bør bygge på folkehelseprofilar og sjåast i samanheng med kva som finst av eksisterande tilbod. Kommunen har arbeidd godt med å involvere kommunale tenester i prosessen med etablering av frisklivssentral. Dei har kartlagt eksisterande tilbod og ressursar frå andre aktørar i etableringa av ein frisklivssentral. Kommunen ønskjer eit tett samarbeid med frivilligheita om etablering og utvikling av ulike friskliv-, lærings- og meistringstilbod. Oppretting av frisklivssentral er godt forankra. Kommunestyret har òg forankra satsinga på "leve heile livet" med handlingsplan, og har ambisjon om å nytte frisklivssentral som eit godt verkemiddel for å oppnå fleire av måla i denne satsinga.	450 000
Lærdal	62 000	Støtte til søknaden «Sterk og stødig i Lærdal kommune». Kommunen søkte om støtte til etablering av tilbodet sterk og stødig. Tiltaket er godt etablert, og er kunnskapsbasert i mange andre kommunar, og rettar seg mot eldre som eit førebyggjande treningstilbod. Lågterskeltilbodet har mål om å bidra til sjølvstendige liv for eldre, og er anbefalt gjennom "leve heile livet" reforma som eit tilbod kommunar bør etablere. Kommunen viser til kunnskapsgrunnlag og folkehelseoversikta ved val av "Sterk og stødig" som årsak til å etablere tilbod i kommunen. Kommunen vil jobbe med å rekruttere frivillige til å drifte tilbodet, og	22 000

		vil sørge for organisering og rekruttering, og koordinering og fagleg oppfølging av frivillige.	
Voss	500 000	Støtte til søknaden «Opptrapping av rehabilitering, meistring og friskliv i Voss herad». Voss søkte om støtte til etablering av eit friskliv- og meistringstilbod i heradet. Arbeidet er godt forankra i kommunale planar og baserer seg på resultat frå utgreiinga om "moglegheiter for friskliv og meistringstilbod". Utgreiinga viser mangelfullt gruppetilbod til einskilde brukargrupper og eit strukturert friskliv- og meistringstilbod. Støtte til søknaden vil bidra til etablering av ulike frisklivs- og meistringstilbod, treningsgrupper, treningsopplegg og samarbeidsavtaler om rehabiliterings-, meistrings- og frisklivstilbodet i Voss herad.	400 000
Solund	166 030	Støtte til søknaden «Etablering av frisklivssentral i Solund». Solund søkte om støtte til etablering og utvikling av ein frisklivssentral. I første omgang vil kommunen starte oppretting av gruppeaktivitetar og rettleiing i tråd med rettleiar til helsedirektoratet, og samarbeide tett med psykisk helseteam. Solund vil jobbe for å sikre ei teneste som er for alle innbyggjarane, og sette fokus på å avstigmatisere tanken på det å nytta seg av tilbod ved frisklivssentralen. Sentralen vil arbeide systematisk i utvikling av sine tilbod, basert på kommunen sitt kunnskapsgrunnlag og tilbakemeldingar/brukarmedverknad. Støtte vil gå til marknadsføring, kontor og lokale og kompetanseheving. Det er også søkt om støtte til utstyr.	166 030
Totalt:			1 875 000

Vedlegg

- 1 Innvilga tilskot til "etablering og utvikling av kommunale Friskliv-, lærings-, og meistringstilbud" over statsbudsjettet 2020 kap. 762, post 60